



Kultur- og sørvistorget

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/417 - 14/2778

Saksbehandlar:

Sveinung Kvamme

sveinung.kvamme@radoy.kommune.no

Dato:

19.03.2014

Overgangsordningar i samband med innføring av Visma Enterprise

VISMA Enterprise skal takast i bruk frå 1.7.2014, og presset på løn- og rekneskapsenteret er sterkt i perioden mai – august.

Det er difor svært viktig at fristane for innlevering av timelister, lønsendringar m.v. vert haldne. Feil som vert oppdaga etter 20. juni vil ikkje kunna bli retta før i september eller oktober.

Det vert ikkje utført såkalla tilfeldig fakturering, dvs enkeltstående faktura knytt til gebyr plan- og byggesak, catering, etteroppgjer Velferdssenteret, tilknytingsgebyr m.v. i juni måned. Desse fakturaene vert registrerte i nytt system etter første juli, med fakturadato i juli og forfall etter vanlege reglar.

Dei som registrerer ordrar direkte i Agresso, må såleis halda på ordrar etter 31.5.2014 til dess det er klart for registrering i Visma i juli måned.

Faktura for heimetenester, husleiger, barnehage og SFO vert sendt ut på vanleg måte i juni. Forfall på desse vert sett tidlegare enn vanleg, til ca 20. juni.

Refusjon av sjukepengar vert frå no bokført når vi faktisk får pengar frå NAV, og ikkje når vi sender kravet. Dette betyr at det vil vera noko etterslep med inntektsføring av sjukelønsrefusjon, inntil vi får refusjonsmodulen i Visma i drift.

Med helsing

Sveinung Kvamme
Økonomisjef

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Kultur- og sørvistorget